

# Sykkylven Energi informerer frå VAR området

## Avløpet i elveosen ved Aureelva vert opprydda

Sykkylven Energi gjennomfører no ei rekke tiltak som vil redusere forureininga på sørsida av Aureelva.

Arbeidet med å føre avløpet ut på djupare vatn er ferdig. Dette utsleppet vil vere framtidig naudoverløp for ein ny pumpestasjon som står ved ungdomsskulen.



Bygging av ny pumpestasjon ved Aureelva vil bli fullført i løpet av hausten. I tilknytning til stasjonen vert det også bygd ei såkalla «fuglekikkar bu».

Når dei 2 pumpestasjonane vert sett i drift vil avløpet bli pumpa til silanlegget i Ullavika. Desse tiltaka vil redusere forureiningsproblema ved elveosen.

## Vassmålar

Vassmålarinstallasjon er gratis. Sykkylven Energi betalar for installasjon, unntaket er der det krev ombygging. Det er verken målarleige for å ha vassmålar eller minsteforbruk. Nye tilknytningar og allereie tilknytte bygg som er større enn 150 m<sup>2</sup> er pålagt vassmålar. Pålegget gjeld også eigedommar som berre er tilknytt kommunalt avløp. Her nyttar vi vassmengda for å berekne avløpsgebyret.



Dei som har vassmålar betalar for forbruk i staden for stipulert forbruk (arealet på bygget). Snittsforbruk av vatn er 50-70 kubikkmeter per person per år.

I samband med installasjon av vassmålar ber vi deg sjekke spesielt at du ikkje har nokon vasslekkasje.

Vassmålaren skal lesast av ved nyttår kvart år.

For å få installert vassmålar, ber vi deg fyller ut bestillingsskjemaet, som du finn på [www.sykkylven-energi.no](http://www.sykkylven-energi.no) eller i ekspedisjonen vår.

Etter at vi har motteke bestillingsskjema tek vi kontakt med den rørleggaren du ønskjer. Rørleggar tek deretter kontakt med deg for å avtale tidspunkt for installasjon.

Side 1

1. september 2017

### Aktuelle saker:

- Opprydding i avløpstilhøva ved Aureelva
- Vassmålar
- Vatnet i springen
- Nytt reiseanlegg ved vassverket
- Kommunebarometer

Har du  
hugsa å  
lese av  
straum-  
målaren  
din?



## Felling av tre

Før du skal felle tre, **må** du undersøke om det er fare for at treet kan treffe kraftlinjer. Dersom det er fare for dette må du ta kontakt med oss på førehand. Send oss eit bilete og ei forklaring til [firma-post@sykkylven-energi.no](mailto:firma-post@sykkylven-energi.no) så skal vi vurdere risikoen og vi kan vere behjelpede med fellinga.

Dersom eit tre treff ei kraftlinje så **trekk unna** og ring umiddelbart vår vakttelefon 7024 6350. Ikkje forsøk å ta vekk treet sjølv då dette kan medføre fare for liv og helse.



SYKKYLVEN  
ENERGI AS

Sykkylven Energi AS  
Haugsetvegen 33  
6230 Sykkylven  
Telefon 70246300  
Feilmelding 70246350  
[www.sykkylven-energi.no](http://www.sykkylven-energi.no)  
[firmapost@sykkylven-energi.no](mailto:firmapost@sykkylven-energi.no)

## Vatnet i springen kan av og til vere misfarga

Misfarga vatn i springen skuldast som regel at leidningar har vorte spylt eller det har vorte gjort planlagde endringar i vasstraumen i forsyningsnettet. Dette kan medføre at eventuelt innvendig belegg i leidningane losnar noko som kan gi grumsete og misfarga vatn.

Planlagde tiltak vert normalt varsla på førehand og er normalt ikkje helseskadelege, men kan gi ulemper som misfarga tøy ved klesvask m.m.

Dersom det plutselig oppstår misfarga vatn eller andre kvalitetsendringar, kan du opne alle kranar og spyle ut i nokre minutt. Dersom kvaliteten ikkje blir normal igjen, bør du ta kontakt med oss. Det kan uansett av og til vere lurt å opne alle kranar for å spyle ut eventuelle slamavleiringar i det private leidningsnettet. Dei fleste vil synes at grumsete og misfarga vatn er for uappetittleg til å drikke. Det er ein god forholdsregel å ikkje drikke vatn som er misfarga, luktar eller smakar uvant.



## Vassverket har fått nytt og oppgradert reinseanlegg

I slutten av juni vart det sett i drift nytt og oppgradert UV-reinseanlegg ved vassbehandlingsanlegget på Årset. Det nye UV anlegget har fleire og kraftigare lampar, og betre kapasitet. Dette bidreg til å sikre innbyggjarane nok, trygt og godt drikkevatt.

## Kommunebarometer – vassforsyning, avløp og renovasjon

Kommunebarometeret er ei samanlikning av landets kommunar, basert på utvalde nøkkeltal. Hensikta er å gi ei lettforståeleg og tilgjengeleg oversikt over korleis kommunen driv. Tala er i hovudsak henta frå Statistisk sentralbyrå sine KOSTRA-database.



Oversikta viser at Sykkylven i 2016 kjem på 144. plass av totalt 432 kommunar. I Møre og Romsdal kjem vi på 7. plass og blant kommunane tilslutta ÅRIM er vi på førsteplass.

Kriterier som vert vurdert er gebyr nivå, vasskvalitet, forsyningsikkerheit, vasslekkasjar, fornying av leidningsnettet, reinsekraft, tilstoppingar og oversvømmelsar i avløpsnettet og gjenvinning av avfall.

Rekningane dine ferdig utfylt. Rett i nettbanken.

**e Faktura**